



Seim Bygg AS  
Nesbrekka 28  
5912 SEIM

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 19/1956 - 19/23090

Saksbehandlar:  
Knut Bjørnevoll  
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:  
05.08.2019

## Førebels svar med trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 177/56 Nesse

Tiltak: naust  
Byggjestad: Gbnr: 177/56  
Tiltakshavar: Jan Eirik Spurkeland  
Ansvarleg søkjar: Seim Bygg AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 01.07.2019.

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

#### Vegrett

over hovudbruket og rett til å nytta eksisterande veg ser ut til å vera i orden. Men eg stussar litt over avtalen har berre ei side og manglar signatur. Er ikkje heile dokumentet skanna?  
Vegrett over gbnr 177/57 finn eg ikkje dokumentasjon på.

#### Avkjørselsøyve

frå fylkesveg. Nye bygg og nye eigedommar må ha godkjent utvida bruk av avkjørsel.

#### Terrengprofil

med nybygget innteikna

#### Avstand til grense

Skal det gravast, fyllast eller byggast nærare nabogrensa enn ein meter, må du ha skriftleg samtykke frå naboen.

#### Ansvarsrett

Ansvar for sjølvbygger etter Byggesaksforskrifta (SAK) § 6-8 gjeld for eigen einebustad eller fritidsbustad. Men etter Plan- og bygningslova (PBL) § 23-1 kan kommunen unnta frå krav om

ansvarsrett der dette er klart unødvendig. Betongarbeid for naustet er lite komplisert og kommunen kan gjera vedtak om unntak.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 05.09.2019. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Kopi til:**

Jan Eirik Spurkeland	Seimsstranda 565	5912	SEIM
Seim Bygg AS	Nesbrekka 28	5912	SEIM

### **Mottakarar:**

Jan Eirik Spurkeland	Seimsstranda 565	5912	SEIM
Seim Bygg AS	Nesbrekka 28	5912	SEIM